

Referat Styremøte 1.oktober 2018

Desse møtte til møtet: Kjell Oddvar Frøysa, Stian Aleksander Skog-Karlsen, Ola Vangen, Paul Moen, Helge H Surdal kom litt etter møtestart.

Desse møtte ikkje: Bjørn Egil Larsen, Ola Kåre Dybvik, Rolv Arne Ljøen

Sak 1 Gjennomgang av Leiarmøte

Styret gjekk gjennom sakene og diskusjonane frå møtet. Fleire av dei aktive DFS laga møtte på møtet, veldig bra. Skulle gjerne sett at nokre av dei mindre aktive skyttarlaga også møtte. Ola skriv forslag til retningslinjer for gåvepremier til samlagsstemnet og statutt til serieskytinga.

Sak 2 Ombodsmøte

Styret såg enda nærmare på dei sakene som styret har fått i oppdrag frå ombodsmøtet i fjor å sette opp. Styret vurderer også om vedtaket ang organisasjonsskytinga i fjor var rett, eller om det kanskje skal settast inn igjen i samlagsstemne bane. Ola forbereder forslag til sakene og sender dette til styremedlemmane for synspunkt.

Det blei også tatt opp på leiarmøtet at eit vedtak frå ombodsmøtet i 2014 ikkje var følgt opp om ei medaljenemnd. Kjell Oddvar vil vere representanten frå styret, valnemnda får oppdrag i å prøve og finne to til som kan settast inn i nemnda.

Innkallinga er sendt ut og skyttarlaga har frist til 11.november med å sende inn sine saker.

Sak 3 Økonomi

Kasserer ga tilbakemelding på at alt er ført i rekneskap pr. d.d. Alt av fakturaer er betalt og fakturaer til skyttarlaga blir sendt ut om kort tid.

Sak 4 Terminliste 2019

Kretsen skal ha eit styremøte 16.oktober ang blant anna fastsetting av terminliste 2019.

Samlaga har fått tilsendt forslag til terminliste og den ser bra ut.

Einaste som manglar er arrangør av samlagsstemne bane.

Sak 5 Eventuelt

Styret har diskutert og bestemt at styrehonorar for fraværande styremedlem blir utdelt til møtande vara.

Neste styremøte

12. november.

